



Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Rapport om bruken av midlar til utgreiing og tilrettelegging, og om bruken av midlar gjennom Innovasjon Norge, i Rogaland

Vi viser til supplerande tildelingsbrev datert 08.02.2016, og her kjem vår resultatrapportering. Vi viser elles til vedlagt rapport frå Innovasjon Norge Rogaland for bruk av midlar til investering og bedriftsutvikling.

### Rapport på bruken av utgreiings- og tilretteleggingsmidlane forvalta av Fylkesmannen i Rogaland for 2016.

Rogaland blei tildelt kr 4,8 mill. i utgreiings- og tilretteleggingsmidlar (UTM) i 2016, og vi drog i tillegg inn kr 839 477 frå kansellerte prosjekt. Til saman blei det løyvd 5,6 mill. i 45 saker i 2016, av dette om lag 1,5 mill. til prosjekt innan Handlingsprogram Næring (HPN). Dette utgjorde om lag 27 prosent av UTM, mot 39 prosent i 2015. Om lag 60 prosent av midlane gjekk til prosjekt innan matproduksjon og kompetanse/forskning/formidling. I 2016 blei tiltak innan energi, skog, klima og juletre og lokalmat sterkare prioritert enn i 2015. Den positive utviklinga for lokalmat skuldast søknader innan foredling og eitt forprosjekt om mat frå Rogaland som Rogaland Landbrukssekskap har sett i gang. Dersom forprosjektet blir vidareført, kan det gi matfylke Rogaland eit løft for lokale matspesialitetar, auka verdiskaping og samarbeid mellom produsentane. Løyvingar innan økologisk, reiseliv og Inn på Tunet ligg lågare enn i 2015. Den negativa utviklinga innan tiltak for økologisk mat skuldast dels løyving på tampen av 2014 for prosjekt som blei sette i verk i 2015, dels mangel på søknadar. Innan reiseliv og Inn på Tunet kom det inn berre ein søknad på kvart tema.

Det tradisjonelle landbruket, kunnskap, forskning og formidling samt energi, skog, klima og juletre har fått bra utmåling. Fylkesmannen saknar fleire søknadar innanfor reiseliv, økologisk og ikkje minst rekruttering. Over 21 prosent av midlane gjekk til 7 prosjekt innan storfe- og mjølkeproduksjon og foredling, 7 klima- og energitiltak fekk om lag 13 prosent, medan rundt 8 prosent av midlane ble løyvd til 3 prosjekt innan frukt. Det er til saman 42 prosent av midlane Fylkesmannen hadde til disposisjon i 2016. Prioriteringa av UTM er i tråd med prioriterte område i HPN og støttar opp under Innovasjon Norge sine satsingsområde.

Her er ein tabelloversikt over løyvingane for UTM i 2016:

Satsingsområde	Beløp i kr	I prosent	Tal saker
Energi skog klima juletre	860 000	15	6
Reiseliv	75 000	1	1
Økologisk landbruk	130 000	2	2
Miljø, jord og kulturlandskap	70 000	1	1
Matproduksjon	2 110 000	38	11
Kunnskap, forskning, formidling	1 160 500	21	12
Rekruttering	156 063	3	3
Bygdemobilisering	109 000	2	3
Lokalmat	785 000	14	4
IPT	65 000	1	1
Diverse	62 850	1	2
<b>Sum</b>	<b>5 583 413</b>	<b>100</b>	<b>46</b>

Vi vil nytte høvet til å kome med forslag til å sjå på rutineane når det gjeld fylkesovergripande forskingsprosjekt. Eksempelvis har NIBIO fremja 3 søknader som er sendt til fleire fylkesmannsembete og Forskningsrådet (NFR). Dette utløyser mykje saksbehandling i fleire verksemder, m.a. fordi NFR krev stadfesting frå regionale aktørar før dei gjer vedtak. Vi etterlyser ein enklare måte å forvalte slike FoU-prosjekt på, enten ved ein sentral pott eller at kravet frå NFR om regionale bidrag blir gjort om.

Elles vil vi peike på at det hadde vore enklare å føre alle saker frå UTM på same forskrift i Saturn. Per i dag blir midlar for prosjekt innan økologisk mat ført på eiga forskrift (680/1), og det er tidkrevjande å halde oversikt over løyvingar og inndragingar i to system.

### **Rapport på bruk av midlar til investering og bedriftsutvikling (IBU) forvalta av Innovasjon Norge Rogaland for 2016**

Vi viser her innleiingsvis til vedlagt rapport frå Innovasjon Norge Rogaland. Totalramma for bedriftsretta tilskot for 2016 var på 40,753 mill. kroner inklusiv overførte midlar på kr 443 000 kroner frå året før. Totalt blei det løyvd 40,658 mill. kroner i bedriftsretta tilskot til 82 søknader.

### **Fordeling mellom tradisjonelt jord- og hagebruk og nye næringar**

Innovasjon Norge Rogaland fekk i oppdrag om å bruke minst 75% av tilskotsmidlane på tradisjonelt landbruk i fylket. Målsettinga er nådd da resultatet viser 87% til tradisjonelt og 13% til landsbruksbaserte næringar.

### **Distriktsprofil**

Den regionale partnerskapen har det i lengre tid vore samde om å prioritere distrikta. Målet var at 70% av IBU-midlane skulle gå til distrikta og 30% til Jæren som omfattar Time, Hå, Klepp, Randaberg, Sola, Sandnes, Stavanger og delar av Gjesdal. Resultatet blei 63,8% og 36,2%. Det mangla ikkje på søknader. På Jæren blei det sendt 1 søknad i retur, medan 7 fekk avslag. I distrikta blei det sendt mange søknader i retur, og dette var hovudsakleg ammeku-prosjekt. I tillegg var det 20 avslagssaker i distrikta. Ut frå desse tala burde IN nådd målet om 70% til distrikta, men resultatet har fleire årsaker. IN opplyser at fleire av ammeku-prosjekta var for kostbare, og at dette var hovudgrunnen til at såpass mange saker blei sendt i retur eller fekk avslag. Vi er også informert om at IN har hatt utfordringar med finne gode prosessar i samband med innføring av søknadsfristar.

Det er ikkje alltid like lett å sjå effektane og å koordinere alle føringane undervegs i behandlinga av sakene. Ting må gå seg til.

### **Prioriteringar til tradisjonelt landbruk**

Tilskotsmidlane speglar ikkje behovet for investeringsmidlar i Rogaland, og slik har det vore i mange år. Denne situasjonen har partnerskapen teke inn over seg og gjennomført ei enda tøffare prioritering på innsatsområda. Kraftföbaserte produksjonar har ikkje fått midlar sidan byrjinga på 1990-talet. På grunn av overproduksjon av sauekjöt, blei sauehus teke ut av prioriteringslista for 2016. Tre hovudområde er prioriterte:

1. Grovföbaserte produksjonar som storfe og mjölk
2. GjödSELLAGER
3. Fruktproduksjon

Partnerskapen har arbeida for å sikre og auke matproduksjonen. Resultatet for 2016 viser at 95,3% av IBU-tilskotet gjekk til matprosjekt; i 2015 var denne prosenten 89.

1. Grovföbaserte produksjonar – storfe og mjölk

I 2016 gjekk 65% av alle IBU- midlar (tradisjonelt og tilleggSnæring) til mjölkefjös. Dette er meir enn i 2015, da tilsvarande tal var 48%. Tilsvarande tal for ammekuprojekt var 12% i 2016, mot 7,3% i 2015. Det var semje i partnerskapen om å prioritere prosjekt frå distrikta, og at desse skulle få høgare utmåling. Resultatet for 2016 viser at mjölkeprosjekt frå distrikta har fått høgare utmåling (13,8%) enn mjölkeprosjekt på Jæren (7,4%). Snitt tilskot er kr 887 000 for distrikta og kr 567 000 for Jæren. Snitt tal mjölkekyr pr buskap er jamt mellom distrikt (43) og Jæren (42). Snitt mjölkekvote er litt høgare på Jæren enn i distrikta. Snitt tal ammeku pr buskap er 40, berre prosjekt frå distrikta får støtte. Snitt tilskot er her kr 470 000.

2. GjödSELLAGER

Det blei totalt löyvd nær kr 1 300 000 til gjödSELLAGER. Desse er lokalisert i konkrete vassdrag med prioriterte tiltak gjennom RMP. Det er eit eige kriteriedokument knyta til denne ordninga.

3. Fruktproduksjon

Frukt fekk 6% av potten i 2016 mot 10,6% i 2015. I löpet av dei siste 2 -3 åra har omlag 15 fruktdyrkarar fått tilskot til fornying eller etablering av nye, moderne fruktfelt. Når utgangspunktet var 30 aktive fruktdyrkarar i 2014, har halvparten fått hjelp til å auke produksjonen monaleg. Aktiviteten er fortsatt høg og 7 nye søknader er undervegs til IN, samt at Ryfylke fruktpakkeri er under bygging.

### **Velfungerande regionalt samarbeid**

Vi har eit vel fungerande regionalt samarbeid om målretta bruk av knappe midlar sett i høve til investeringsvilje og behov i næringa. Partnerskapen samkøyrrer prioriteringane for IBU-midlane med dei andre regionale midlane, og eigen arbeidsinnsats. Dette gjer vi for å få meir kraftfulle satsingar. Gode døme er desse prosjekta;

1. «Nytt kufjös» samarbeid med meieria og partnerskapen
2. «Billigare bygningar til ammeku», samarbeid mellom TYR, Tveit rekneskapslag, Fjössystemer og andre.
3. «Frivillige tiltak på Jæren» - betre miljø og betre bruk av gjödsla. Samarbeid mellom kommunar, Rogaland landbruksSelskap, Rogaland fylkeskommune og Fylkesmannen.
4. «Frukt i Rogaland» samarbeid mellom Rogaland fruktdyrkarlag, NLR, Ryfylke IKS og Fylkesmannen.

## **Behov for eit meir aktivt kommuneledd**

Vi ser og erfarer at det er samanheng mellom investeringslyst og kommunen sin aktivitet. I dei kommunane som vel å sette av tid m.a. til inspirasjonssamlingar og analysearbeid, der er det høgare investeringstakt og større produktmangfald. Partnerskapen sin reaksjon på dette er å sette inn meir innsats retta mot kommunar som har låg aktivitet, og gi dei drahjelp som til dømes satsinga på «Distriktskua».

Med helsing

Anfinn Rosnes  
ass landbruksdirektør

Eli Munkeby Serigstad  
seniorrådgivar

— Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Eli Munkeby Serigstad  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 62  
E-post: fmroese@fylkesmannen.no

Vedlegg: Rapport frå Innovasjon Norge Rogaland

Kopi til:  
Rogaland fylkeskommune    Postboks 130    4001    Stavanger  
Innovasjon Norge        Pb 448        0104    OSLO